

Ålesund, 01.10.2014

Justis- og beredskapsdepartementet,
Lovavdelingen, Postboks 8005 Dep,
0030 Oslo.

Sendt til e-post: lovavdelingen@jd.dep.no

Høyring – Forslag til lov om ikraftsetting av straffeloven 2005 mv.

Ein viser til høyringsnotat om forslag til lov om ikraftsetting av straffeloven 2005 mv., nærare bestemt punkt 4.2.2, samt brev frå Forsvarsdepartementet datert 23. april 2014 med forslag om vidareføring av forbod mot luftfotografering og opptak av djupnedata, med høyringsfrist 17. september 2014, og deretter utsett til 1. oktober.

Dette høyringssvaret tek berre for seg spørsmålet om opptak av djupnedata. Innspelet er i regi av Forskingsforum Møre. Forskingsforumet er eit samarbeidsorgan for alle forskingsmiljøa i Møre og Romsdal, inkludert nasjonale miljø¹. Forumet sitt arbeid er forankra i Møre og Romsdal fylkeskommune og vert leia av Forskningsrådets regionansvarlige i Møre og Romsdal.

Forsvarsdepartementet viser til omsynet til norsk suverenitetshevdning, rikets tryggleik og planlegging av militære operasjonar i ein tryggleikspolitisk krisesituasjon når det vert bede om ei vidareføring av graderingsregimet på høgoppløselege djupnedata. Samtidig vert det føreslått eit generelt unntak frå forbodet, dersom to kumulative vilkår er oppfylt:

- a) nødvendig aktivitet for trygg navigering i seglingsleier, gjennomføring av offentleg arealplanlegging eller lovleg næringsverksemd
- b) innsamlinga skjer i «eit avgrensa geografisk område» t.d. vil ikkje ein heil fjordarm eller sjøområde på fleire hundre kvadratkilometer verte rekna som eit avgrensa område, medan nokre få kvadratkilometer opplagt vil tilfredstille vilkåra om avgrensing.

Forbodet gjeld i utgangspunktet djupnedata innanfor territorialgrensa ved 12 nautiske mil og som har ei tettare oppløysing enn 50 meter mellom punkta. Dette er den oppløysinga som er frigjeven i dag.

Gjennom det siste tiåret har det vorte utvikla moderne teknologi som har gjeve heilt ny kunnskap og forståing av det marine miljøet. Hittil har desse metodane vorte utnytta i stor skala gjennom MAREANO-programmet (*Marine Areal Database for Norwegian Waters*).

¹ Forskingsforumet omfatter alle FoU-miljøene som er representert i regionen. Dette omfatter de tre høgskolene, Høgskolesenteret i Kristiansund, Møreforskning, Runde miljøsender og de nasjonale instituttene Nofima, NIVA, Bioforsk og SINTEF Fiskeri og Havbruk. I tillegg deltar lederne fra de regionale prosjektene innenfor NCE, ARENA og VRI, Midtnorsk forskningsfond (RFF), fylkeskommunen, Innovasjon Norge, SIVA og Norges forskningsråd.

Kartleggingsprogrammet MAREANO har pågått sidan 2006, og har undersøkt deler av havbotnen i Barentshavet, Lofoten og på Mørkysten. Kartlegginga har resultert i ein stor kunnskapsbank og ei omfattande kartteneste.

Kystområda i Noreg dekkjer eit areal på ca. 90.000 km². Den nye Plan - og bygningslova gjev kommunane og fylkeskommunane ei viktig rolle i forvaltninga av areala i kystsona, både på land og i vatn. Brukarinteressene langs kysten er mange, og konkurransen om areal aukar i omfang; fiskeri, havbruk, havbeite, sjøtransport, hamner og marinaer, vegbygging, kablar og røyrleidningar, industri, gruvedrift, gamle miljøsynder, uttak av sand og grus, turisme og friluftsliv, vassdragsregulering, sjøforsvar og kommunal infrastruktur er alle område som må takast omsyn til når ein skal tenkje heilskapleg arealforvaltning.

Berekraftig marin næringsutvikling står høgt på dagsorden i Møre og Romsdal og dei andre Vestlandfylka. MAREANO-programmet har i åtte år primært levert informasjon frå sjøområde utanfor grunnlina. Kommunane på Vestlandet treng denne kunnskapen nær kysten der den lokale verdiskapinga er størst og der kommunane har trong for fagleg avgjerdsstøtte for å lage gode kystsoneplanar.

Mareano programmet er forventa utvida til kystsonen som 'KYST-MAREANO', og vil da gje eit kunnskapsgrunnlag for både næringsutvikling og berekraftig forvaltning av dei kysten med sine ressursar. Fleire av Forskingsmiljøa i Forskingsforum Møre jobbar aktivt for å bruke Mørkysten som pilotregion for Kyst-Mareano. Kysten utanfor Møre har eit stort og unikt produksjonspotensial både ressursmessig og økonomisk og ein eineståande kombinasjon av marine ressursar og naturverdiar som kan påverkast. Hav- og kystområda ved Møre er bl.a. viktige som gyte- og fiskefelt for viktige kommersielle bestandar i Noreg. Dei er viktige for havbruksnæringa, som potensielt felt for utnytting og ilandføring av olje/gass, som transportlei for internasjonal skipsfart, turisme, vindkraft, mm. Vidare vert desse områda påverka av landbaserte aktivitetar (avrenning, forureining, mm.).

For at satsingsforslaget Kyst-Mareano skal verte ein suksess, er ein avhengig av at ein får tilgang til djupnedata av god kvalitet, noko som verkar å vere i konflikt med forslaget til Forsvarsdepartementet.

Forskingsforum Møre har initiert arbeidet med å samle tverfaglege kyst-relaterte data i ein kunnskapsplattform (Marine Møre 21), slik at kunnskapen kan verte tilgjengeleg og brukast effektivt i arbeidet med berekraftig næringsutvikling og forvaltning. Høgoppløyslege grunnkart representerer berebjelken i eit slik datasystem. I oppdrag frå fleire kommunar på Sunnmøre og i samarbeid med NGU har Forskingsforum Møre i 2013 sett i gang med detaljert botnkartlegging langs Mørkysten. Partnerane dreg nytte av detaljerte grunnkart som verkty til si eiga verksemd (til dømes forvaltning, forskning og næringsutvikling), men felles bruk av data og integrering over større område gjev synergjar, betre forståing av relevante prosessar og overføringsverdi til andre regionar. Slik meirverdi og samspel mellom forvaltning, forskning og næring vil ikkje vere mogleg med dei avgrensingane som er foreslått.

I dag er det tillate med oppløysing ned til 50 meter mellom punkta. Tilbakemeldingane frå sentrale aktørar og kommunar som driv kartlegging i Noreg er at denne oppløysinga er for «grov», og at det er nødvendig med ei frigjeving av djupnedata frå 0-50 meter. Det er underforstått at militære område i og i tilknytning til sjø vert halde unna denne frigjevinga, og at desse områda har avgrensingar for offentleg innsyn. Til samanlikning kan det nemnast at

Irland, England, Tyskland, Frankrike, Portugal, Canada, USA med fleire ikkje har avgrensingar som hemmar bruken av djupnedata i sjø. EU har i tillegg komme med ei oppmoding til sine medlemsland om å setje i gang høgoppløyselig botnkartlegging, der det også vert sagt at karta skal gjerast tilgjengelege for ålmenta. Studiar frå Irland og USA viser også at det er stor samfunnsøkonomisk nytteverdi av å kartlegge havbotn, og at avkastninga er størst ved fullskala gjennomføring kontra kartlegging berre i utvalde områder.

Noreg har ein visjon om å verte den verdas fremste sjømatnasjon, jf. St. meld. nr. 22, 2012-13. Dette inneber ein auka aktivitet både på land og i sjø, og dermed ein aukande konkurranse om areala. Trongen for kunnskap om kystsona er stor, og gode kartgrunnlag er ein «grunnmur» i vidare planlegging og bruk av kystsona på Vestlandet og i Noreg.

For at brukarane (næring og forvaltning) skal få kunnskapsbaserte råd, er det behov for ny forskning, der tilgang til høgoppløyselige kartdata vil vere heilt sentrale.

På vegne av Forskingsforum Møre

Arthur Almestad
Norges forskingsråd
Regionansvarleg, Møre og Romsdal